



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Team klima, miljø og internasjonalt arbeid

Vår dato: 15.06.2026
Deres dato: 29.04.2026
Vår referanse: 26/11039-2
Deres referanse: 202318279-13
Vår saksbehandlar: Jonatan Lindaas

Høyringsvar - søknad om konsesjon til bygging av Grunningsdalen kraftverk

Telemark fylkeskommune viser til oversending motteke 29. april 2026 vedrørende høyring av søknad om konsesjon for Grunningsdalen kraftverk i Seljord kommune. Frist for innspel er sett til 15. juni 2026.

Varselets bakgrunn

Småkraft AS har sendt søknad til NVE om løyve etter vassressurslova til å byggje Grunningsdalen kraftverk, i elva Grunnåi i Seljord. Kraftverket er planlagt nedstraums Slåkavatnet og oppstraums Grunnåi kraftverk. Det vil utnytte eit fall på 75 meter, frå inntak på kote 687 til kraftstasjon på kote 612. Vassvegen vil bestå av ei nedgraven røyrgate på 1 876 meter. Kraftverket er berekna å ha ein installert effekt på 2,9 MW og ein årleg middelproduksjon på 5,9 GWh, og reknast dermed som småkraft. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

NVE ber om innspel på planane og ønskjer konkrete synspunkt på om planen bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber dei om kommentarar til om søknaden gir tilstrekkeleg opplysningar om verknadene av tiltaket.

Rollene og ansvara frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og som planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Uttalen frå fylkeskommunen til meldinga

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av meldinga som berører ansvarsområda våre.

Regionale planar

[Telemarksplanen](#)

[Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027](#)

Vassforvaltning


Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal vernast mot degradering, blir forbetra og gjenoppretta med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Vassførekomsten [Grunnåi nedre \(id 016-2534-r\)](#) er ein sterkt modifisert vassførekomst (smvf) med godt økologisk potensial, og denne skal dermed vernast mot degradering, jf. vassforskrifta § 4. Det er sektorstyresmakta, altså NVE i denne samanhengen, som skal ta stilling til om det søkte om tiltaket vil medføre ei degradering av tilstanden og eventuelt oppgi vilkår for å mildne på dette som gitt av vassforskrifta § 12. Fylkeskommunen er av den oppfatning at utbygging av kraftverket må vurderast opp mot vassforskriftas § 12. Vidare meiner vi søkt om kraftverk må sjåast i samheng med eksisterande kraftverk i vassdraget og vurdere potensielle sumverknader, og dessutan for å oppfylle intensjonane i vassforskrifta om heilskapleg vassforvaltning. Heilskapleg vassforvaltning dreier seg mellom anna om å sjå heile nedbørfelt under eitt- og ikkje berre kvart enkelt tiltak, kvart vatn, eller kvar bekke- og elvestreng separat.

Klima og energi

Planforslaget skal følgje opp [statlege planretningslinjer \(SPR\) for klima og energi](#). Det er eit nasjonalt vedteke mål å kutte klimagassutsleppa jf. klimalova. For å nå nasjonale, regionale og lokale klimamål, må arealplanlegginga leggje til rette for utsleppsfrie, og dessutan areal-, energi- og ressurseffektive løysingar. Reduksjon av klimagassutslepp skal vektleggjast i arealplanlegginga jf. SPR for klima og energi 4.3.a. Planforslaget skal gjere greie for korleis klimagassreduksjon, klimatilpassing og energi blir vareteken (SPR for klima og energi 4.3.m).

Det blir tilrådd å nytte [NIBIOs klimagasskalkulator](#). UFF-rammeverket, med å unngå, flytte, forbetre skal vurderast ([Klimautvalet 2050](#)). Skal ein redusere utslepp i tråd med forventningane til klimalova må ein i større grad unngå og avgrense aktivitet. Dersom ny aktivitet er nødvendig må ein sjå på moglegheiter for å kompensere for auka klimautslepp som følgje av nye planar, gjennom reduksjon andre stader.

Det er klare forventningar om å unngå nedbygging av karbonrike areal som til dømes myr ([nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) pkt. 48). Som del av arbeidet med å verne natur og nedkjempe klimaendringar er det lagt ut eit [forslag om forbod mot nedbygging av myr på høyring](#). Staten ventar streng praktisering av dagens retningslinjer i påvente av behandling av forslaget til forbod mot nedbygging av myr. Telemark fylkeskommune fører også ei streng linje mot nedbygging av myrområde i planfråsegnene våre.



Vassvegen (og i mindre grad nedgraven linje) vil krysse eller passere myrområde mellom inntaksdam og kraftstasjon. På [karttenesta til NIBIO](#) over kan vi sjå myrområda som er registrerte, med ukjend djupn, samanlikna med illustrasjonen deira av vassvegen. Det er forventa at utbyggjar gjennomfører arbeidet utan å forstyrre eller ringast myrområde i nemneverdig grad og at NVE tek omsyn til dette i konsesjonen.

I tråd med regional klimaplan for Telemark, tilrår vi at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring (plan og bygningslova §12.7). Det bør også vurderast å setje krav til fossilfrie, utleppsfriske og avfallsfrie bygg- og anleggsplassar.

Omsynet til kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne

Kraftverket er planlagt i eit område der det er kjent ei rekkje kulturminne frå mellomalderen og forhistorisk tid. Kulturminna er i hovudsak knytte til utnytting av utmarksressursar, som seterbruk, beite og jernproduksjon, og er automatisk freda etter kulturminnelova § 4. Vi vurderer at ytterligere ikkje-kjente, automatisk freda kulturminne kan være bevart i området.

Telemark fylkeskommune finn det derfor nødvendig å gjennomføre ei arkeologisk registrering før vi kan gi endeleg fråsegn i saka, jf. kulturminnelova § 9.

For å kunne planleggje metodebruk og utarbeide budsjett for undersøkinga, ber vi om å få tilsendt ei shape- eller SOSI-fil som viser alle tiltak, både permanente og mellombelse, som utbygginga vil medføre.

For å sikre ein god prosess er det ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne blir gjennomført i god tid før tiltaket skal setjast i gang. Vi gjer òg merksam på at arkeologiske

registreringar berre kan utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen er normalt frå midten av april til november. Registreringar blir normalt utførte i rekkjefølgje etter bestillingsdato.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta for offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskild granskning må dekkjast av tiltakshavar. Budsjett vil bli oversendt så snart vi har motteke den etterspurde informasjonen.

Vi ber til slutt om at kravet vårt om arkeologisk registrering blir innarbeidd i detaljplan for miljø og landskap.

Eventuelle spørsmål kan rettast til arkeolog Line Grindkåsa på line.grindkasa@telemarkfylke.no eller 409 12 386.

Nyare tids kulturminne

Vi er ikkje kjende med nyare tids kulturminne av nasjonal verdi innanfor området. Området ligg inne i et gammalt beitelandskap, og det er eit stort potensiale for at det finnes gamle stølsområde innanfor eller nært planområdet.

Dei gamle stølsområda er ofte gjengrodd, men kan likevel ha lokal kulturmiljøverdi. Her er det viktig at landskap blir ivaretatt, sjølv om det er gjengrodd. Samt alle former for tufter, og steinmurar. I desse områda bør det ikkje være tillat med riggområde, eller mellombels lagring, og køyring. Der inngrep ikkje er mogleg å unngå, må det være ein plan for korleis landskapet skal bli tilbakeført, pussa, og revegetera i etterkant.

I tilknytning til gammalt kultur og naturlandskap bør tiltak bli utforma med særleg omsyn. Bruk av naturstein i staden for betong, der det er mogleg. Eller forblending med lokal stein. Tilpasse murar til terrenget, og sjå til at muren får en god avslutning mot sideterrenget. Bygg bør bli tilpassa lokal byggeskikk med tremateriale og saltak.

Med helsing

Cathrine Nedberg
Teamleiar
Klima, miljø og internasjonalt

Jonatan Lindaas
jonatan.lindaas@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.